



Statens vegvesen

Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/83050-16

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.01.2018

Tilbakemelding – Avkøyrsløse – Reguleringsplan for Manger sentrum felt B4 – Fv. 409 – Radøy kommune

Statens vegvesen viser til e-post mottatt 13.12.2017.

Du søker om å få nytte eksisterende avkøyrsløse sør/aust for planområde B4 fram til ny tilkomst til planområdet inkludert rundkøyring er realisert. Når avkøyrsløse er godkjent vil du gå vidare med planarbeidet.

I brev av 24.10.2017 har vi svart at vi ikkje vil motsetje oss ei slik løysing du no søker om, under føresetnad at mellom anna kryssområdet må vere i samsvar med Handbok N100. Det kan vere aktuelt å krevje at krysset og kryssområdet vert stramma opp. Andre forhold vi vil sjå på er at det må vere lagt til rette for mjuke trafikantar. Vi har og gitt tilbakemelding i brev av 14.06.2017 om at det kan vere aktuelt å kople seg på offentleg veg om det nye krysset til Rema 1000 som ei mellombels løysing til den nye rundkøyringa er realisert. Om desse løysingane er realistiske og gjennomførlege må vurderast gjennom det vidare planarbeidet. Vi finn det ikkje riktig å behandle ein søknad om avkøyrsløse så lenge reguleringsplanen er under arbeid.

Vi forventar no at det vidare planarbeidet vil avklare korleis ein skal ta omsyn til allereie godkjente og tilgrensande planar, samt andre relevante tema som trafikktryggleik, trygg skuleveg, kapasitet i kryssområdet og byggjegrænse mot veg, både for mellombels og permanent løysing. Vi vil særleg gjere merksam på at ein må ta høgde for at det er behov for større areal i anleggsfasen når rundkøyringa vert etablert, enn det som er synt gjennom byggjegrænse i reguleringsplan for Manger sentrum (2008).

Vi vil understreke ein gong til at det kan vere planfagleg krevjande å handtere utbyggingsprosjekt der utbyggingsområde og avkøyrsløse er regulert i ulike reguleringsplanar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi har også stilt spørsmål ved om denne tomta er moden for utbygging før rundkøyringa vert realisert. Dette er med bakgrunn i mellom anna byggjegrense og forhold til avkøyrslø.

Vi rår til at du tek vidare dialog for planarbeidet med Radøy kommune.

Plan og forvaltningsseksjonen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER